



Foto: Signe Vreim Østtveit

ÅRSMELDING BØ SOKNERÅD 2024

Godkjent i Bø sokneråd 25. februar 2025

INNHALD

1	Innleiing	2
2	Særskilde hendingar i 2024	2
3	Gravferd	4
4	Vigsel	4
5	Trusopplæring	4
6	Diakoni	9
7	Misjonsprosjektet	10
8	Giverteneste	11
9	Frivillighet	11
10	Kultur	12
11	Rådsarbeid	12
12	Informasjonsarbeid	14
13	Økonomi	14

1 INNLEIING

Bø sokneråd arbeider under visjonen *"Vi vil skape ein møteplass mellom Gud og menneske og menneske imellom."* Saman med mange frivillige og staben er det mange gode møteplassar og aktivitetar gjennom året.

2 SÆRSKILDE HENDINGAR I 2024

Bø kyrkje 150 år

Det vart bestemt at Kyrkejubileet blei lagt søndag 25. mai 2025 kl. 11.00. Nils Ivar Agøy vart beden om å skrive eit jubileumsskrift.

Ny organist

Gudrun Klakegg blei tilsett som ny organist og starta 1. august.

Frivilligfest

Soknerådet ved Gry Hege Vreim arrangerte frivilligfest i kyrkja 17. november med middag og kaffi. Arrangementet var svært vellykka.

Planar for nytt livssynsøpe kapell på Bøhaugen

Ombygging av Tomaskapellet og det gamle driftsbygget til eit livssynsøpe seremonirom blei presentert først i møte med kommuneleiinga i april, og deretter informert om i formannskapet 26. august. Fellesrådet er i ein god dialog med kommunen, og prosjektet er lagt inn i økonomiplanen til kommunen. Det blei i tillegg søkt innan søknadsfristen om ekstra midlar gjennom anleggsregisteret, ei ordning som forvalta via fylkeskommunen.

Namna minnelund

Fellesrådet sette ned ei arbeidsgruppe våren 2024 som bestemte seg for eit forslag frå Arnt Darrud og Sør arkitektar. Sparebankstiftinga i Bø ga tildeling på 75 000 kroner til sjølv monumentet.

Gatekyrkje under Eplefesten

Kyrkja i Midt-Telemark arrangerte opent hus i lånt lokale på torget i Gvarv sentrum med kafé, orgelbygging og buttonlag for barn, samt song og musikkinnslag

Ortodoks messe

Det er ortodoks messe i på ukrainsk Tomaskapellet annankvar laurdag ved fader Andrii Pinchuk. Dette starta opp i desember.

2.1 ULIKE GUDSTENESTER

Det blei halde 68 gudstenester i Bø sokn i 2024. 38 med nattverd, og 20 gudstenester med dåp. Av desse var det 55 gudstenester i Bø kyrkje, 3 gudstenester på Bø sjukeheim, 3 gudstenester på Jønnbu, 2 gudstenester i Bø gamle kyrkje.

Tru og lys hadde 5 gudstenester med nattverd i Tomaskapellet. Sjå punkt 6.2.

Studentprest Kristian Gotehus Køhn hadde 32 studentgudstenester med nattverd i Bø gamle kyrke. Desse er ikkje tatt med i statistikken.

Det blir halde fleire ulike gudstenester i Bø kyrkjelyd. Hovudgudstenestene i Bø er høgmesse med nattverd. I tillegg har vi hatt:

- 7 familiegudstenester

- 6 kveldsgudstenester kl. 17.00 der 2 av desse var på Bø bedehus

- 2 fellesmøte med Soar, Normisjon og kyrkja på bedehuset/Soar

- 1 fellesgudsteneste med Soar, Normisjon og kyrkja i Bø kyrkje

- 1 samtalegudsteneste for konfirmantane

- 3 konfirmasjonsgudstenester

- 1 gudsteneste med skriftemål og nattverd på askeonsdag

- 1 minnegudsteneste

- 3 friluftsgudstenester saman med Sauherad og Nes sokn: Skaparverkets dag på Evju bygdetun og gudstenester ved Dampfarveriet og på Tingvoll.

- 2. pinsedag var det 5 korte pilegrimsgudstenester i Bø gamle kyrkje for dei som gjekk frå Nes til Bø.

Gjennomsnittleg besøkstal for gudstenestene i kyrkjelyden i 2024 var 92 (da er konfirmasjonsgudstenester og julaftan rekna med). Dette er noko høgare enn i fjor med 83 som snitt.

2.2 HØGMESSE

Høgmesse med nattverd er godt innarbeidd i vår kyrkjelyd. Til ei vanleg høgmesse er det eit frammøte på ca. 40-50 personar.

2.3 FAMILIEGUDSTENESTE

Familiegudstenestene er dei gudstenestene som famnar fleire generasjonar og som har størst oppslutning. Det er mange som kjem når barnekora deltek, frå 120 og oppover.

I år har det vore 7 familiegudstenester med god oppslutning.

2.4 KVELDSGUDSTENESTE

Vi har hatt 6 kveldsgudstenester i 2024. Dei startar kl. 17.00 og har ei litt kortare liturgisk ramme med forbønn i starten av gudstenesta. Oppmøtet har vore ganske bra blant både unge og eldre.

2.5 FRIVILLIG KLOKKARTENESTE, KYRKJEVERT, POWERPOINT-STYRING

Frivillig klokkarteneste i Bø kyrkje vert utført av fire personar på rundgang. Det er 6 som er kyrkjevert. Det er berre ein frivillig som har ansvar for PowerPoint og som tek seg av dette når vi brukar PowerPoint i familie- og kveldsgudstenester. Alle saman gjer ein viktig teneste som vi er takksame for.

3 GRAVFERD

Det blei halde 53 gravferder og bisettelsar i 2024. Prest, organist og kyrkjetenar møter dei sørgande i samband med seremonien, og er opptekne av å gjennomføre gravferdene på ein verdig måte. Det same gjeld dei tilsette på kyrkjekontoret som legg til rette for gravferda administrativt.

4 VIGSEL

Det har vore 9 vigslar dette året.

5 TRUSOPPLÆRING

5.1 DÅPSSAMTALE OG DÅPSGUDSTENESTE

Dei fleste dåpssamtalene går føre seg heime hos familiane. Det er ein fin måte å bli kjent på. Familiane slappar ofte meir av heime og dei slepp å reise ut med dåpsbarnet.

På dåpssamtala deler presten ut informasjon om trusopplæringstiltaka i kyrkjelyden, og dåpsbarnet får ein papirengel med songen «Kjære Gud, eg har det godt». I tillegg får foreldra boka «Arvegull» - dåpsbok for foreldre. Denne boka har erstatta «Barnebibelen» som vi før gav til dåpsbarnet. Barnebibelen får barnet seinare. Tradisjonen med å henge opp dåpsduer med barnets namn på «dåpstreet» i kyrkja for kvart barn som blir døypt, har av ulike årsaker ikkje blitt vidareført. Her har vi gått tomt for nye duer og praksisen med dåpsduer har stansa opp. «Dåpstreet» skal minne kyrkjelyden om å be for barna som er døypte hos oss..

Vi er opptekne av at dei som blir døypte og familien deira skal oppleve at dei blir godt tatt imot av kyrkja, og vi inviterer dei med på det som skjer av aktivitetar og trusopplæringstiltak i kyrkjelyden, mellom anna babysong og musikkleik, som er for dei aller minste.

5.2 BABYSONG OG MUSIKKLEIK (ALDER: 0 -2 ÅR)

Babysang og Musikkleik er framleis populære tilbod, og det er jamn og god påmelding både vår og haust. Desse kursa går over 8 gonger kvart semester, med samlingar annakvar veke. Begge desse tilboda blir annonsert kvar vår og haust i Bø blad. I tillegg får foreldre informasjon og invitasjon i dåpssamtala, samt at det ligg informasjon om tilboda på helsestasjonen.

Når barna har fylt 3 år, får dei invitasjon til å vere med i *Minikoret*.

5.3 2-ÅRSBOK

I år har vi samarbeid med Sauherad og Nes sokn om denne utdelinga. Vi arrangerte ein sanggudsteneste i Bø kyrkje ein torsdag ettermiddag i starten av juni, der 2-åringane frå begge sokn blei inviterte og fekk Sangboksen «Takk min Gud for leken». I forkant av gudstenesten blei det servert ein enkel middag.

5.4 SØNDAGSSKULEN (ALDER: 1-12 ÅR)

Søndagsskulen er eit stort og viktig arbeid i vår kyrkjelyd, og den har ein flott og trufast gjeng med 5 leiarar. Mange barn og familiar finn vegen til kyrkje når det er søndagsskule, som til vanleg er ein gong i månaden. Søndagsskulen vert koordinert av Martin Stærk. Søndagsskulen har ynskje om fleire leiarar og har tatt eit initiativ til samarbeid med Sauherad og Nes sokn. Det er ynskje om eit større engasjement frå soknerådet med økonomi og tilrettelegging av søndagsskulen.

5.5 FAMILIEDAG PÅ JØNNBU FJELLKYRKJE (ALDER: 3-5 ÅR)

Jønnbu fjellkyrkje er ein flott stad å samle barn og familiar. Trusopplæringstiltaket med skileik for 3-5-åringar vart arrangert i slutten av januar med gudsteneste først, der Minikoret deltok. Etterpå var det pølser og skileik. Dette tiltaket famnar ikkje så mange som vi ønskjer. Det er mogleg at familiedagen bør vere i februar - mars.

5.6 UTDELING AV 4-ÅRSBOK OG 4-ÅRSKLUBB (ALDER: 4 ÅR)

4-årsboka blei delt ut på ein felles familiegudsteneste for Sauherad og Nes, og Bø sokn på Nes menighetshus ein torsdag ettermiddag i starten av oktober. I forkant av gudstenesten serverte vi ein enkel middag.

4-årsklubben var også felles med Sauherad og Nes sokn, og hadde 3 samlingar på Nes menighetshus i oktober /november. Alle samlingane startar med middag.

5.7 SKATTEJAKT OG UTDELING AV 6-ÅRSBOK (ALDER: 6 ÅR)

Skattejakt for 6-åringar med utdeling av 6-årsbok blei gjennomført i forkant av, og i ein gudsteneste i Nes kyrkje i april. Dette er nå også eit felles tiltak med Sauherad og Nes sokn, der dei har hatt dette opplegget i fleire år. Det var flest deltakarar frå Bø.

5.8 JULEFORESTILLINGAR (ALDER: 7-8)

Lucia-morgon i Bø kyrkje har blitt ein fin tradisjon, og ein «snakkis» på bygda. SingLett, Seltin og Helga Samset framførte historia om Lucia med song og forteljing. Heile 185 personar dukka opp for å få med seg førestilling og frukost i kyrkja klokka 07.00 den 13. desember.

5.9 INTERNASJONAL GUDSTENESTE OG MÅLTID (ALDER: 9 ÅR)

Denne blei ikkje gjennomført i 2024.

5.10 GIVE ME FIVE (MINIKONFIRMANTAR) (ALDER: 10-11 ÅR)

Give me Five er eit trusopplæringstiltak for femteklassingar etter skuletid på fredagar i delar av skuleåret. Det er 10 samlingar på hausten og 12 på våren, i tillegg til at dei deltar på ei gudsteneste haust og vår. Det er og mange frivillige som er med og bidrar i ulik grad. Pga. omorganisering av trusopplæringa har det ikkje vore samlingar hausten 2024.

5.11 FORDJUPING I BIBELGJENGEN (ALDER: 10-12 ÅR)

Bibelgjengen har vore slått saman med resten av søndagsskulen i 2024.

5.12 MESTERNES MESTER (ALDER: 12-13 ÅR)

Mesternes Mester blei ikkje arrangert i 2024, men trusopplæringsutvalga i Sauherad og Nes og Bø sokn håper å få det til i 2025. Dette er eit samarbeid mellom dei to sokna.

5.13 KONFIRMASJON (ALDER: 14-15 ÅR)

Frå og med 2016 har konfirmantane i Bø kyrkjelyd vore med i *Ønsket og elsket* sitt konfirmant- og leiartreningsopplegg.

54 konfirmantar var med på konfirmantleiren på sommaren. Konfirmantleiren var på Gjennestad i Vestfold i veke 26, første veka i skuleferien. Leiren vara frå måndag 1. juli til fredag 5. juli

I tillegg til konfirmantleir arrangerer *Ønsket og elsket* eit par andre samlingar for konfirmantane gjennom året. *Konf. kick-off* blir arrangert for nye konfirmantar kvar høst med aktivitetar og informasjon om kva det vil seie å vere konfirmant i Den norske kyrkja og Øvre Telemark prosti. *Konf. treff* blir arrangert i forkant av fasteaksjonen kvart år, med informasjon om innsamlingsaksjonen og Kirkens Nødhjelp sitt arbeid.

Ønsket og elsket er likevel ikkje berre for konfirmantar. Dei driv og leiartrening for ungdom. Tidlegare konfirmantar som ønskjer å vere ungdomsleiarar på leir blir med på eit eige leiartreningsopplegg med treffpunkt fleire gonger gjennom året. Dette var ein viktig grunn til at vi i Bø kyrkjelyd ønskjer å vere med på *Ønsket og elsket* sitt konfirmantprogram. Slik kan vi legge til rette for opplæring og utvikling av ungdomsleiarar som kan ha ein positiv påverknad på anna ungdomsarbeid i soknet. Frå hausten 2024 var det 2 ungdommar frå Bø sokn som var med i leiartreningsprogrammet.

Ved å delta i *Ønsket og elsket* blir det noko færre lokale konfirmantsamlingar elles i året. Dette er ei sak med to sider. På den eine sida kan det vere positivt for konfirmantane og for rekrutteringa at det ikkje er for tett program gjennom året. På den andre sida står ein i fare for å misse noko av kontakten med eigne konfirmantar grunna færre jamlege treffpunkt gjennom året.

Ei utfordring vi alltid vil ha med oss: Korleis kan vi halde på det nære og personlege i konfirmanttida, og samstundes vere med på eit stort konfirmant- og ungdomsprogram som er attraktivt for dei unge og som bevarer dei som truande i kyrkjelyden.

Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon blei gjort på vanleg måte med dør-til-dør-aksjon med hjelp av foreldre og nokre frå kyrkja som stilte opp. Takk til alle og til *Sparebanken Din* som stiller opp.

Samtalegudstenesta var i Bø kyrkje, og konfirmantfesten blei halden på Bø bedehus søndag 1. september i regi av soknerådet. Konfirmasjonen var den andre helga i september. Det var flest konfirmantar på laurdag med to stappfulle gudstenester, litt færre på søndag.

Konfirmasjonsundervisninga vart leia av kapellan Per Inge B. Håland saman med soknepresten. 4-5 foreldre var med på konfirmantleiren og gjorde ein solid innsats.

5.14 SETT-UNGDOM

Sett-ungdom er ein ungdomsklubb med kristen profil, open for alle frå 7. klasse og oppover.

Av aktivitetar kan nemnast: Mission Impossible på Jønnbu, aktivitetsdag på Sagavoll folkehøgskule, tur til Tusenfryd, sommaravslutning/sup-brett padling på Norsjø, bowling og julebord på Jønnbu, i tillegg til fleire vanlege ungdomsklubb kveldar på bedehuset. *Sett-ungdom* er eit samarbeidsprosjekt mellom Bø Normisjon og Bø kyrkjelyd. Det er samling ein gong i månaden på laurdagar og vanlegvis 50 ungdomar til stades. Det er 78 betalande medlemer i 2024. Dette er om lag ei dobling frå året før.

Styret i 2024 valt av ungdommane sjølve:

Leiar: Gaute Bratland Solberg

Nestleiar: Nikolai Trondsen Singsaas

Styremedlem: Martin Ask

Styremedlem: Lina Hogstad-Erikstein

Styremedlem: Ingelin Ytreland

Styremedlem: Anna Nikoline Skjelfoss Groven

Sveinung Groven vore kontaktperson inn mot styret frå vaksenleiarane. Halgeir Vreim er kasserar. 16 vaksenleiarar har vore med på samlingane i 2024. Vaksenstyret har hatt 4 styremøte og i tillegg mykje planlegging via Messenger.

Alle aktivitet, turar, mat og drikke er gratis for ungdommane. Sett-ungdom har i 2024 motteke kr. 180.000,- i gåver frå ulike aktørar. Av den grunn har det blitt kjøpt inn mykje nytt utstyr både til Bø bedehus og Bø kyrkje.

5.15 KORARBEID OG ORGELKLUBB

Barnekorarbeidet og orgelklubben måtte klare seg med vikarar første del av 2024, men 1. august var Gudrun Klakegg på plass, både i kora og som orgelpedagog. Alle barnekora og orgelklubben har god oppslutning med rundt 160 barn frå 0-13 år som har vore aktive i kortare eller lengre periodar i løpet av 2024. I tillegg til dette har alle babyar og deltakarane ein føresett som også er medlem, og 3 tenåringar får leiartrening saman med Grete H. Sele i Minikoret. *Korskulen* er ein stabil og stor organisasjon, noko som blir lagt godt merke til også utanfor Bø. I 2024 deltok eit eller fleire av barnekora på til saman 7 gudstenester i Bø kyrkje, i tillegg til deltaking på Dyrsku-gudstenesta i Seljord, Lucia-morgon og velkomstkonsert for Gudrun.

Kyrkjekoret starta året med eit stort påskeprosjekt saman med Telemark symfoniorkester. Hausten starta gledeleg med velkomstkonsert for ny organist

Gudrun Klakegg. Kyrkjekoret deltok som vanleg på «Me syng og spelar jula inn», som er ein samarbeidskonsert med Midt-Telemark kulturnettverk, i tillegg til sin eigen julekonsert. 1. påskedag og 1. juledag var medlemmer av Kyrkjekoret forsongarar på gudsteneste i Bø kyrkje. Til saman 67 unike songarar deltok i Bø kyrkjekor på ulike prosjekt i løpet av 2024.

Det er organist Gudrun Klakegg og Grete H. Sele som leiar og driv alle tilboda i korskulen. Både korskulen og kyrkjekoret har eige styre og eigne årsmeldingar. (Vedlagt soknerådets årsmelding.)

6 DIAKONI

6.1 DIAKONIUTVAL

Utvalet består av Inger Åse Sønstebø, Randi Hegna Prestbakken, Ulf Vege, Kjerstin Midtbø og Axel Bugge.

Av faste diakonale tiltak nemner vi:

1. Påske- og julegudsteneste på arbeidssenteret DRIV for psykisk utviklingshemma. Sommaravslutning på Jønnbu med gudsteneste i kyrkja. Grilling av pølser og servering av is og brus utanfor Jønnbu fjellkyrkje.
2. Andakter på sjukeheimen frå januar til midten av juni og heile hausten, i samarbeid med Normisjon og Soar. Andaktane er i kantina i 1. etasje for *Skjerma* og *Tanke* og for dei som bur i 2. etg. på somatisk avdeling. Det positive i dette er at nesten alle frå Tanke-dagsenteret kjem på andaktene i kantina, men noko færre frå skjerma avdeling. Før hadde vi andakter i begge etasjar, men vi samlar no alle frå begge etasjar i kantina der piano og lydanlegg står. Frå Normisjon stiller Ulf Vege (talar) og Øyvind Risa (organist). Frå Soar har det vore forstandar Dennis Da Silva. Før sommarferien blei det halde ein konsert med kort andakt i hageamfiet på sjukeheimen med sokneprest og Dennis Da Silva.
3. Tidlegare fekk dei som fylte 90 år tilbod om blomar og besøk. Dette tiltaket har falle vekk.
4. Det er fast organisert besøksteneste i kyrkjelyden.
5. Diakoniutvalet deltok på fastaksjonen.
6. Diakoniutvalet deltok med pynting og servering for 50-års-konfirmantar på Bø prestegard.

6.2 TRU OG LYS

Tru og lys er eit gudstenestetilbod for psykisk utviklingshemma på søndagar kl. 17.00 i Tomaskapellet.

Det er ei lita gruppe som varierer med frå tre – fem brukarar med følgje kvar gong. Det var 5 samlingar i 2024, med nattverd, lystenning og kveldsmat. Organist har vore Øyvind Risa. Leiarar er Signe Vreim Østtveit, Bente Klokkehaug, Kjerstin Midtbø og Axel Bugge.

6.3 KIRKENS NØDHJELP

I 2024 vart det innsamling til Kirkens Nødhjelp. Innsamlingsaksjonen for konfirmantane vart gjennomført og samla inn 23.288.00 kroner. I tillegg kjem to ofringar på julaftan til Kirkens Nødhjelp og ei ofring i fastetida.

6.4 BØNN FOR BYGDA

Bønn for bygda har samlingar kvar tysdag kl. 14.00 - 15.00 i Tomaskapellet. *Bønn for bygda* har ein fast bønneliturgi med ferdigskrivne bøner der målet er å be for og velsigne Bø-bygda og kyrkjias arbeid, som til dømes konfirmantar, gudstenester, gravferder, dåp, vigslar og søndagsskule. Det har vore ei fast gruppe på ca. 2 -5 som har møtt trufast opp kvar tysdag leia av Anne-Lene Refsum. Dette er eit viktig arbeid som skjer i det stille.

6.5 BIBELGRUPPER

Kyrkjelyden har tre bibelgrupper som er opne for alle. I tillegg er det ei mannsgruppe som har samling annakvar onsdagskveld i Tomaskapellet.

6.6 ORTODOKS MESSE PÅ UKRAINSK I TOMASKAPELLET

Ortodoks prest Andrii Pinchuk frå Ukraina har starta opp med Ortodoks messe annan kvar laurdag i Tomaskapellet. Messene og samlingane etterpå har vore særskild viktige for den veksande talet på ukrainarar i Bø.

7 MISJONSPROSJEKTET

Kyrkjelyden har dei siste åra hatt sitt misjonsprosjekt gjennom Normisjons misjonsarbeid i Kambodsja. Prosjektet *History-makers* har som mål å hjelpe unge menneske til å utvikle sitt potensial. Hovudaktiviteten er å gi unge frå fattige landsbyar ein trygg bustad på internat for å kunne studere.

Det var 8 takkoffer til misjonsprosjektet i 2024, der det kom inn til saman **kr. 32 212.**

8 GIVERTENESTE

Vi samlar no inn til to tiltak, trusopplæring og ombygging av kapellet på Bøhaugen.

8.1 TRUSOPPLÆRING

Trusopplæringa famnar veldig stort og breidt i Bø sokn. Babysang, musikklek, Korskulen, orgelskulen og aktivitetane i KIRKUS samlar rundt 200 barn og unge kvar veke. Sett-ungdom har 40 medlemmer. Fredagspizza og KRIK-aktiviteter er i samarbeid med Sauherad og Nes sokn. Signe Vreim Østtveit slutta som trusopplærar etter sommaren, og oppstart av et alternativt opplegg til Give me five lykkast ikkje før nå i det nye året. Et nytt Tweens -tilbod anna kvar veke vil rette seg til alle 4.-7. klassingar i kommunen framover. Utdeling av 2-, 4-og 6-årsbøker er også blitt eit felles tiltak for heile kommunen. Barnekora si Lucia-førestilling i kyrkja på morgonen kvar 13. desember har også i 2024 vore ein stor suksess. Konfirmantarbeidet foregår både lokalt og på prostnivå. Samarbeidet "Ønsket og elsket" med felles kick-off, leiartrening og konfirmantleir er kostnadskrevjande, men eit viktig og flott tilbod til konfirmantane. Søndagsskulen har samlingar på mange av gudstenestene, og det blei også i 2024 arrangert familiesamling på Jønnebu.

Alle tilbod handlar om å skape trygge rom for barn og unge og gje dei meningsfulle opplevingar. Bidraga til givertenesta hjelper oss med å sikre eit kontinuerleg og godt tilbod. I 2024 ble det samla inn 77 800 kroner.

8.2 OMBYGGING AV KAPELLET PÅ BØHAUGEN

Når det gjelder ombygging av kapellet til kyrkjelydshus med livsynsøpe seremonirom, så er status at prosjektet har landa på en finansieringsmodell saman med Midt-Telemark kommune. I 2024 blei det samla inn 27 793 kroner gjennom givertenesten.

9 FRIVILLIGHET

Det er mange som bidrar med frivillighet i kyrkjelyden sitt arbeid, og ein stor takk til alle som på den måten er med å bære arbeidet i kyrkjelyden. Soknerådet har ved fleire høver diskutert korleis vi kan engasjere fleire frivillige. Dette er ein prosess som vi vil halde fram med.

10 KULTUR

I 2024 kom det ny organist på plass frå 1. august.

Utover hausten blei det arrangert fleire konsertar, særleg i samband med jula.

Vi opplever stor interesse, både frå arrangørar og publikum, og konsertane har vore godt besøkt.

I starten av oktober arrangerte korskulen velkomstkonsert for Gudrun Klakegg, der alle barnekora, orgelklubben og kyrkjekoret deltok.

I desember var det heile 7 ulike konsertar i kyrkja.

Kirkelig kultursenter sør – KIRKUS, med dagleg leiar Grete H. Sele, har gjort ferdig eit kyrkje-skuleopplegg, som no er ute i skulane i Midt-Telemark (5. klasse) som eit pilotprosjekt. Opplegget handlar om kyrkjeorgelet, og elevane får både bygge eit fullt spelbart modellorgel på skulen, og dei blir invitert til kyrkja for å høyre, sjå og prøve det store orgelet der.

11 RÅDSARBEID

11.1 SOKNERÅDET

Soknerådet er sett saman av desse medlemmene i 2024:

Leiar: Ulf Bruno Vege / Gry Hege Vreim

Nesteleiar: Gry Hege Vreim/ Ingunn Skalstad

Medlem: Ruth Hogstad-Erikstein

Medlem: Kristian Gotehus Køhn

Medlem: Ingunn Skalstad

Medlem: Kjerstin Midtbø

Medlem: Nils Ivar Agøy

Medlem: Olav Haugestøl

Sokneprest: Axel Jørgen Bugge

Varamedlem: Anne-Lene Bjørum Refsum

Varamedlem: Anna Katrina Persdotter Miland

Varamedlem: Bente Klokkehaug

Varamedlem: Audun Østtveit

Gry Hege Vreim blei valt til ny soknerådsleiar hausten 2024

Etter at Olav Haugstøl døydde vart 1. varamedlem Anne-Lene Bjørum Refsum fast medlem av soknerådet.

Olav Haugstøl var også medlem i Fellesrådet og ble der erstatta av Kjerstin Midtbø.

11.2 ARBEIDSUTVAL

Arbeidsutvalet si viktigaste oppgåve er å planlegge soknerådsmøta og handtere hastesaker. I utvalet sit leiar, nestleiar, sokneprest og kyrkjeverje. Det har vore møte etter behov.

11.3 KYRKJELEG FELLESRÅD

Fellesrådet representerer både Sauherad og Nes sokn og Bø sokn. Desse representerte Bø sokn i 2024: Nils Ivar Agøy (nestleiar), Olav Haugstøl / Kjerstin Midtbø fra 10.desember (medlem), Ruth Hogstad-Erikstein (1. vara) og Kristian Gotehus Køhn (2. vara)

11.4 UTVAL

I 2024 har Bø sokneråd hatt fylgjande utval: Trusopplæringsutval med Grete H. Sele, Per Inge B. Håland, Axel Bugge, Sara Erikstein og Signe Vreim Østtveit. Gudstenesteutval med Axel Bugge, Per Inge B. Håland, Kristian Køhn og Anne-Lene B. Refsum. Diakoniutval med Inger Åse Sønstebø, Randi Hegna Prestbakken, Ulf Vege, Kjerstin Midtbø og Axel Bugge. Givertenesteutval med Martin Stærk og Ingunn Skalstad. Kulturutval (saman med Sauherad og Nes) med

11.5 LIKESTILLING, INKLUDERING OG MANGFALD

Av dei åtte faste plassane i soknerådet er det fire kvinner og fire menn, etter Olav Haugstøl sin bortgang, fem kvinner og tre menn. Kjønnssfordelinga er ivaretatt av soknerådet, også med hensikt til fordelinga i styrande organ.

Alle tilboda er opne for alle med unntak av ei mannsgruppe som møtast anna kvar veke i kapellet.

Når det gjelder universell utforming så er det mogleg å delta for alle under arrangement i kyrkja. Det finst heis for rullestol, men det er utfordrande med toalettfasiliteter. Det er nå et handikaptalett på kyrkjekontoret, men det er forholdsvis stor avstand dit. Dette skal bli betre ved ombygging av Tomaskapellet der universell utforming er sjølvsgatt og er tatt med i teikningane.

Frå hausten av legg Bø sokn til rette for ein ukrainsk menighet som feirar sine gudstenester i kapellet anna kvar laurdag. Det er fleire planer om vidareutvikle samarbeidet framover.

12 INFORMASJONSARBEID

For å drive eit aktivt kyrkjelydsarbeid er det naudsynt med god informasjon til dei som ønskjer å nytte tilboda kyrkjelyden har. Vi informerer i hovudsak gjennom annonser i Bø blad, nettsida vår www.bokyrkje.no, Facebook, kulturguiden for Midt-Telemark, Bø kyrkjeblad og oppslag ved kyrkja. Informasjon om trusopplæringstiltak blir som regel sendt ut via post i tillegg til nettsida. For å informere frivillige brukar vi sms og e-post. Påmelding til dåp og konfirmasjon skjer via heimesida eller ved telefonkontakt.

12.1 BØ KYRKJEBLAD

I 2024 blei det gitt ut fire nummer av *Bø kyrkjeblad* på 28 sider, med eit opplag på 3.300 nummer som blir distribuert av 30 frivillige. Kyrkjebladet blir tatt godt imot og lese av mange. Bladet krev ein ekstra dugnad av frivillige ombererar og av redaksjonen som er på 4 personar: Olav Haugestøl, Ulf Vege, Bjørn Seljebotn og Axel Bugge. Det har vore lett å få annonsørar og mange støttar bladet økonomisk. Bladet treng mange givare for å gå i balanse, og har gått med underskot på 28 101 kroner. Olav Haugestøl har vore trufast med i styret og døyde diverre i år. Han er blitt erstatta av Marita Svalbjørg.

13 ØKONOMI

Rekneskapen for 2024 viser eit mindreforbruk på 31 889 kroner fordelt på dei einskilde avdelingane. Givertenesta og offer til trusopplæringa har bidratt med 113 043 kroner, medan kapellprosjektet samla inn 27 793 kroner. Vidare blei det samla inn 227 221 kroner til ulike formål. Til arbeidet med jubileumsboka Bø kyrkje 150 år fekk vi tildeling på 100 000 kroner frå Eckbos legat, 20 000 kroner frå Sparebankstiftinga i Bø og 10 000 kroner frå Lions Club Bø. Sparebankstiftinga har også vært raus med en gåve på 75 000 kroner til realisering av sjølv monumentet til Namna minnelund.

